

Fjell kyrkjeblad

Utgave 6
2015



Ei ny tid med nye sokn
s. 4



40års jubilanten
s. 9



Tips til advent
s. 11

UTGJEVAR Fjell sokneråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 6 gonger i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

Bankgiro, Kyrkjebladet
8580.14.09461

Bankgiro, Fjell sokneråd
8580.14.09453

Ansvarleg redaktør
Annlaug Børve

Redaktør og grafisk design
Kristina Ekerhovd-Ottersen

Trykk
Molvik grafisk AS

Forsidebilde
Kristina Ekerhovd-O.

Kyrjekontoret
Postboks 184, 5342 Straume

Telefon
55 09 74 40

Epost
post.kyrkja@fjell.kommune.no

Besøksadresse
Tytebærbrekko 2, "Temahuset"

kyrkja.no/fjell

INNLEVERINGSFRIST
for annonser og kunngjeringar til neste utgåve av Fjell Kyrkjeblad: 15.januar

Leiar

Adventstiden er rett rundt hjørnet, og vi har snart året 2015 bak oss. Selv om mange ser julerusket komme farende mot seg som en sandstorm i sahara på disse tider, er adventstid ei tid til ettertanke hvor vi kan fokusere på takknemlighet for det som ligger bak og forventning til det som ligger foran - med fokus på det og de som virkelig betyr noe for oss.

I møte med det nye året, går også de tre sokna i Fjell inn i ei ny tid. På side 4 kan du lese noe av tankene til de nye sokneråds-lederne.

Et av hovedfokusene i dette bladet er ei av årets største begivenheter som har skapt engasjement i hele Norge, også her i Fjell: Flyktningestrømmen og alle de som nå trenger et bosted å starte på nytt. Mange ønsker å hjelpe og det

trengs. Inn i juletiden der fokuset blant annet er å gi til hverandre, la oss gi litt ekstra til de som virkelig trenger det. Vi kan gi penger, klær og støtteerklæringer på sosiale medier. Men mest av alt trenger flyktningene å kjenne at nå er de kommet et sted som er trygt og et sted de er velkommen!

Jeg håper flyktningene i Fjell vil få oppleve denne tryggheten i året som ligger foran oss, og at blant annet menighetene i Fjell vil bli et sted som tar i mot dem med åpne armer, varme hjertet og tid til hjelpe. Det er opp til deg og meg!

Med ønsket om ei velsigna adventstid,

Kristina Ekerhovd-Ottersen



Hvordan har du det - egentlig?
Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.

Vi er mennesker med lang erfaring i å lytte til og støtte andre. Du når oss døgnet rundt på **22 40 00 40**, og du trenger ikke presentere deg. Passer det bedre å skrive til oss, så kan du gjøre det på kirkens-sos.no eller soschat.no.

NYTT NUMMER!
22 40 00 40
Kirkens SOS

Brev frå biskop Halvor Nordhaug:

KYRKJA I MØTE MED FLYKTNINGANE

Kjære kyrkjelydar i Bjørgvin! Flyktningkrisa utfordrar oss alle. Framande menneske på flukt kjem til oss. No vert våre grunnleggjande, kristne verdiar sette på prøve.

I møte med dei flyktningane som kjem til lokalsamfunna våre, kan vi alle vere med og hjelpe. Gjennom flyktningtenesta i kommunen kan vi få vite kva som er mest aktuelt der vi bur. Oftast er det trong for friviljuge kontaktpersonar som kan hjelpe flyktningane å finne seg til rette i ein

framand kultur. Over alt vil ein trenge møtestad der flyktningane kan få medmenneskeleg kontakt og bli kjende med lokalsamfunnet.

Dei fleste av flyktningane kjem frå samfunn der religion spelar ei langt større og tydelegare rolle enn hos oss. Som kristne veit vi kva det er å vere truande. Slik har vi ein særskilt kompetanse og ansvar for å møte flyktningane også som religiøse menneske. Mange er kristne. Desse kan vi gje ein kristen fellesskap, som kryssar både språk- og kulturgrenser. Dei fleste flyktningane tilhøyrer andre religionar. Desse må vi møte med kristen integritet og openheit. I kyrkjene våre vil vi også be for flykt-

ningane, og om rettferd og fred i land dei rømer frå.

I ord og gjerning kan vi vere med på å gje medmenneske i ein svært krevjande situasjon framtid og håp. Slik får vi også høve til å oppleve rikdomen i den menneskelege fellesskapen, og det gode og verdfulle som dei som kjem kan tilføre både den einskilde og samfunnet. Som Skrifta seier: «Gløym ikkje å vere gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar på besøk utan å vite det.» (Hebr. 13.2)

Eg ønskjer dykk Guds rike signing!

Bjørgvin bispestol, 9. november 2015,
Halvor Nordhaug
biskop

En avgrensa Gud

På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilete som viser Jesusbarnet i krubba.

Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa.

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lét seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen.



Men kva finn vi eigentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand:

«Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Joh. 1, 14).

Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som mennesken likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad:

«For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lét seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

innhald

side 2	Brev frå biskop Halvor Nordhaug
side 4	Intervju av dei nye soknerådsleiarane
side 6	Kyrkja i møte med flyktingane
side 7	Konfirmantjublieum
Side 8	Glimt frå ein haustkonsert
Side 9	40 år ved orgelet
Side 11	Advent i heimen

Ei ny tid med nye sokn i Fjell

Dei tre nye sokna i Fjell er no ein realitet. Sokneråda har allereie hatt sine fyste møte, og soknerådsleiara er valde i kvart sokn. Vi har no høyr med kvar av dei kva tankar dei har for tida som ligg framfor oss.

1) *Kva visjonar har du for det soknet du no skal lede og hva drøymmer du om for kyrkjelyden?*

2) *Kva satsingsområde blir viktige for soknerådet framover?*

3) *Kva tenkjer du at kyrkjelyden konkret kan gjere for flyktningane her i Fjell?*



Magne Supphellen,
soknerådsleiar
Foldnes sokn:

Det som motiverer meg er mulighetene

jeg ser på Lille-Sotra. Mye er bra i Foldnes, men menigheten kan spille en enda større og viktigere rolle for barn og unge, barnefamilier og eldre på Lille-Sotra. Det handler om at flere skal finne tilbake til troen på Jesus, at alle aldersgrupper skal ha et godt tilbud som gir gode betingelser for å vokse i troen, og det handler om mulighetene innen diakoni i nærområdene. Det er mange ensomme og mange som sliter i en menighet på nærmere 9000 medlemmer. Her må vi sterkere på banen. Svært mange av de 9000 medlemmene er innom kirka i løpet av året. Dette er gyldne anledninger til å invitere folk inn på arenaer og aktiviteter hvor de kan oppleve et godt fellesskap og vokse i troen. Dette kan vi bli enda bedre på.

Det viktig at hele soknerådet står sammen om en felles visjon og strategi. Derfor skal vi ha en skikkelig prosess på dette i januar. Men det er klart at vi ønsker å nå ut til flere og aktivere større

deler av ressursene som finnes i menigheten. Utfordringene er mange. Derfor er det viktig å ha en overordnet strategi med gjennomtenkte prioriteringer. Større selvstendighet gjør det enklere og raskere å komme i gang med aktiviteter som koster penger. Når det gjelder konkrete planer og tiltak, får vi komme tilbake til saken etter soknerådets startegiprosess.

Menighetene her i Fjell bør samarbeide om et diakonalt tilbud overfor flyktningene. Det har allerede kommet flere innspill fra medlemmer i menighetene på hva vi kan gjøre. I første omgang bør vi få til et tilbud inn mot julehøytiden. Deretter bør vi se på om vi kan etablere en mer langsiktig tjeneste. Dette arbeidet må sees i sammenheng med andre planer om oppgradering av det diakonale arbeidet i menigheten.



Arne Bjørøy,
soknerådsleiar for
Fjell sokn:

Visjonen for kyrkjelyden er ikkje vesentleg endra frå slik han alltid har vore: Eg ønskjer å vera reiskap for Herren Jesus i å gjera kyrkjelyden vår til

ein god møtestad for Gud og menneske, ja, den møtestaden ein berre må gå til så ofte som mulig. At ein må kjenna på saknet dei gongene ein ikkje får kome seg i kyrkja, ein lengt etter Ordet og forkynninga, etter å få kjenna Frelsaren er ein nær og at ein får ta imot alt Han vil gi- av nåde. Som leiar i soknerådet vil eg kanskje ha enda betre høve til å vera ein slik reiskap. Det gler eg meg til og ser fram mot!

Eg ser vel ikkje dei store føremonene med ei oppdeling av soknet. Det gir høve til å engasjera seg på ein litt annan måte enn før, kanskje. Men all ære til dei som har gjort så stor innsats i kyrkjelydsutvala til no! Eg håpar i alle fall at vi kan vidareføra dette arbeidet og utvikla det vidare innafør dei heller avgrensa økonomiske rammene vi har til rådvelde.

Flyktningane som kjem innan året er omme, blir ei særleg utfordring som vi skal ha fokus på. Vi veit enno ikkje kvar dei vil bli busette og kor mange som vil koma til vårt område. Men eg vil medverka til- saman med alle medlemmene i soknerådet og kyrkjelyden- at dei blir tekne imot og kjenner seg velkomne hos oss. Reint konkret har vi ikkje fått laga planar for dette enno.





**Tove Karin
Lyngsmo Angeltveit,
soknerådsleiar
Landro sokn:**

Eg har ønske om at
Landro sokn skal vera

eit sokn der innbyggjarane føler tilhørighet til kyrkja si. Eg ønsker at Landro kyrkje skal vere ei kyrkje der alle føler seg sett. Eg vonar at det å bli eige sokn vil skape eit enda større engasjement i det kyrkjelege arbeidet. Vi har mange flotte frivillige i Landro, og vi ønsker at enda fleire vil vera med.

Muligheter i denne nye virkeligheten er at folk kan føle ein større nærhet til kyrkja, fordi me har eit større mandat enn før. Me kan i større grad påvirke korleis me ønsker å ha det i Landro. Vi har såvidt begynt å lufte i soknerådet kva me ønsker for soknet vårt- felles er ønske om at Guds ord blir forkynt på ein god måte og at kyrkja skal opplevast som ein god stad å vere for alle. Vi ønsker å drive eit arbeid innafor alle aldersgrupper, men spesielt ønsker vi å få eit større barne- og ungdomsarbeid. Det er stor tilflytting til Nordre Fjell, så grunnlaget for eit stort arbeid er tilstades. Vi har dei 3 siste åra hatt eit godt samarbeid med Metodistkirka på Sotra, med HalloVen. Dette er eit samarbeid som vi ønsker å fortsette med.

Soknerådet har allereie vore i kontakt med akuttmottaket på Ågotnes for å komme med det vi har å bidra med. I første omgang ønsker vi flyktningene velkommen til gudstenestene og andre arrangement i Landro. På sikt vil vi sjå om det er andre ting vi kan bidra med. Kanskje kan det verte aktuelt å opprette aktiviteter/tilbod. Fjell kommune skal og busette flyktninger, og soknerådet tenker at det vil vere naturleg at kyrkja er ein brikke i integreringa av desse.

Vi ønskjer dei tre nye sokneråda
Guds signing i arbeidet!

Juletreffest i kyrkjene!

Fjell kyrkje
3. jan kl. 16.00

Foldnes kyrkje
3.jan kl. 16.00

Landro kyrkje
3.jan kl. 16.30

Alle er hjarteleg velkomne!

Jula i kyrkjene 2015

Fjell kyrkje

Julaftan kl. 14:30 Julaftans gudsteneste
ved Terje Annerød

Julaftan kl. 16:00 Julaftans gudsteneste
ved Terje Aanerød

**Juledag kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste
m/ nattverd** ved Helge Unneland

**2. Juledag kl. 11.00 Gudsteneste m/ dåp
og nattverd** ved Terje Annerød

**Nyårsdag kl 12:00 Gudsteneste
m/ nattverd** ved Bjarte Nese

Landro kyrkje

Julaftan kl. 14:30 Julaftans gudsteneste
ved Bjarte Nese

Julaftan kl. 16:00 Julaftans gudsteneste
ved Bjarte Nese

**Juledag kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste
m/ nattverd** ved Terje Annerød

**27. des kl. 11.00 Gudsteneste m/dåp og
nattverd** ved Svern Martinsen

**Nyårsdag kl 12:00 Gudsteneste
m/ nattverd** ved Helge Unneland

Foldnes kyrkje

Julaftan kl. 14:30 Julaftans gudsteneste
ved Svern Martinsen

Julaftan kl. 16:00 Julaftans gudsteneste
ved Svern Martinsen

**Juledag kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste
m/ nattverd** ved Bjarte Nese

Nyårsaftan 31.12 kl 23:15 Gudsteneste
ved Svern Martinsen

Fagseminar

Kirka i møte med flyktingene

21.oktober inviterte Bjørgvin bispedømme til et fagseminar om kirken og flyktingene. Tema var «Flyktingene kommer – hva gjør vi?» og blant spørsmålene man håpte å svare på var: Hva er utfordringene og hvordan løser vi de, og hva kan kirken gjøre for å komme flyktingene i møte på en god måte?

Det var flere opplysende og motiverende innlegg fra flotte gjester, blant annet biskop Halvor Nordhaug, assisterende regiondirektør i IMDI Vest Halwan Ibrahim og Shaharm Keyyani som selv har kommet som flykting fra Iran.

Halwan Ibrahim ga oss viktige opplysninger om hvordan bosettingen av flyktingene skjer i landets kommuner.

- Men inkludering skjer ikke bare i kontortiden mellom kl. 8-16, understreket Ibrahim med en klar oppfordring til den lokale kirke om å stille opp og invitere med flyktingene så de får en reell mulighet til et nytt og godt liv i Norge.

Saharm Keyyani delte sin sterke historie om egen flukt fra Iran til Norge. Han har selv opplevd å måtte forlate alt på grunn av sin tro, risikere livet i en gummibåt og ankomme Europa uten noe annet enn klærne på kroppen. At han tilslutt endte opp i Norge er en tilfældighet.

- Det tar 7 timer og fly fra Iran til Norge. For meg tok det 10 år, avsluttet Ibrahim som nå har fått muligheten til å starte et nytt liv her i Norge.

Biskopen var konkret og tydelig på sine tanker om kirkens ansvar i møte med flyktingene som kommer til Norge og de som allerede er her.

De trenger hjelp lokalt, og der er det de lokale menighetene har mulighet til å være viktige bidragsyttere.

Hans oppfordring til menighetene som

ønsker å gjøre noe, er å ta kontakt med flyktingene og la de selv si hva de trenger før man legger store handlingsplaner. Nordhaug understreket at motivasjonen og verdigrunnlaget vårt som Jesu etterfølgere i møte med flyktingene må være nestekjærlighet og gjestfrihet.

Han oppfordret oss også til å holde hjertet varmt, med en realistisk tanke i møte med flyktingene som kommer med en annen tro enn oss.

- De fleste er muslimer, ikke alle, men de fleste. Da får vi mennesker med en annen tro tett på oss. Det er ikke naturlig å møtes da uten å snakke om tro. De er vant til å sette ord på tro.

Biskopen utfordret menighetene til å se dette som en mulighet til å være tydelig på hva det vil si å være kristne. Her kan kirken bidra mer enn myndighetene kan.

- Vi kan snakke om troen som samfunnet neglisjerer. Vi kan snakke om hvordan det er å leve som troende. Som troende mennesker har en mulighet og en plikt til å bygge ned konflikten, i en relativistisk kultur. Vi møter brede utfordringer, som vi er kalt til å ta tak i som kirke. Og det skal vi ta tak i idag.

Dialogprest Marianne B. Gammelsæter, tidligere T-dagsleder her i kirken i Fjell, var også en av bidragsytterne på fagdagen.

Hun ga oss blant annet sitatet:

«Møt meg som den jeg er, og ikke den du kunne ønske at jeg var»

En sterk og konkret utfordring å ta med seg om å våge, ville og tåle det som er annerledes hos andre. Bare på den måten kan vi ta godt imot de som ikke er helt lik oss, og samtidig vil vi kanskje da se at forskjellene ikke er så store som vi tror.

Tekst: Kristina Ekerhovd-Ottersen

Hvordan kan DU hjelpe?



Du er en superhelt!

- **Har du barn som vil gjøre noe for flyktingene i Europa?** Kirkens Nødhjelp har et handlingsalternativ for barn i alle aldre. Det kalles SUPERHELT. Det er superenkelt – barna kan samle inn penger og send pengene til kontonummer 1602.40.26535.
- TIPS: Pant flasker, gjøre husarbeid mot lønn, arranger loppemarked eller selg kaker og saft.

Registrer deg som frivillig her!

Bli med på dugnaden, bli frivillig for flyktingane!

#jegvil

- **Ønsker du å bruke av din egen tid?** www.jaegvil.no er en nettside hvor du kan melde deg som frivillig for å bidra til at flyktingene kan få en bedre hverdag her i kommunen vår.
- **Oppsøk flyktingene i nærmiljøet.** Ta kontakt og hjelp dem til å bli inkludert. Inviter på kaffe, tilby leksehjelp eller start en strikkeklubb på et asylmottak. La de bli sett og oppleve at de er velkomne! Se www.noas.no for flere tips.



Konfirmantjubiläum



Tradisjonen tru laga Fjell sokneråd også i år til konfirmantjubiläum.

Dette året var det konfirmantar frå 1935, 1940, 1945, 1955, 1965 og 1975. Frå konfirmantkullet i 1935 møtte det ingen, men frå dei andre kulla samla det seg i underkant av 50 jubilantar.

Vi starta med gudstenesta kl. 11.00, deretter var det fotografering, før ein samla seg i kyrkjelydssalen for påfølgjande middag; svinesteik med tilbehør, og etterpå kaffi og kaker. I salen gjekk praten livleg om laust

og fast, og mange minner vart delt. Fleire av jubilantane fortalte om tida si "for presten", vi høyrer om ikkje-eksisterande busstilbod for dei eldste kulla, dei som måtte gå fram og attende til undervisninga, om ein litt annan måte å ha undervisning på.

Det vart lest opp helsing til jubilantane frå ei av dei som diverre ikkje kunne vera med, grunna utanlandsreise; 60årsjubilanten Turid Øygard Westborg. Ho helsa dei med teksten frå Johs.1.12:

"Men alle som tok i mot ham, dem ga han rett til å bli Guds barn, de som tror på hans navn."

Terje Aannerød helsa konfirmantjubilantane på vegne av Sokneråd og kyrkjelyd

Ei hyggeleg stund må koma til endes, så også denne. Vi takka for god mat og servering, før leiar for konfirmantjubilæet, Kirsten Kjølén, kunne takka for frammøte og ynskja god tur heim!

Tekst: Gerd Fjeld Andersen

Konfirmantjubilantane i tilfeldig rekkefølge:

75 års jubilanten: Arthur Skoge

70 års jubilantane: Valborg Knappskog, Nils Syltøy, Sølvi Mjelde, Odd Syltøy, Else Morlandstø, Agnes Johansen, Haldis Knappskog, Sigrun B Nordvik, Håkon Nordvik, Aslaug Nesse, Olav K. Sekkingstad, Reidar Dale og Birger Morlandstø.

60års.jubilantane: Anne Margrthe Sture, Oddny Dyrøy, Malvin M. Ekren og Bjørg Morlandstø.

50års.jubilantane: Vigdis Landro, Norunn S. Heggernes, Mary Bergsvik, Torgunn Solberg, Aud K. Lokøy, Helga Kristoffersen, Inngunn Hamre, Kitti Risholm, Atle Ulveseth, Jan Per Jonassen, Eimunn Solsvik, Bjørn K.Mollandsøy, Rigmor Garmann, Agnar Åge Birkeland, Sønnøve Næss, Marie Høgtun, Rigmor Oen, Marit Molland og Nils Atle Spjeld.

40 års.jubilantane: Turid Berg, Svein Arthur Pedersen, Heidi Glesnes, Inger Nelly Skoge, Ingrid Drevsjø, Linda Lie Holgersen og Reidun Fjell.

Musikk i kyrkja

Haustkonsert i Fjell kyrkje

Nesten 230 mennesker kunne nyte tonane frå ukjende og kjende komposisjonar.

Fjellkoret glitra saman med eminent pianist, Katrin Sofia Heyland og sin gode dirigent, Ann E. Tveit.

Unge Heidi Brekke gav oss Cohens "Halleluja" rett i hjartet og Rune Landro's kara henta oss til heimlege



trakter med sin versjon av kjende og kjære salmetonar. Dei var litt meir oppjazza enn vi kanskje er vand med, men berre heilt konge!

Ein ekstern gjest kom frå Færøyane, Hanus Johannessen, og var eit flott innslag på konserten. Han sang fleire av Jakob Sandes dikt på norsk, m.a. om "vesle Daniel". Han avslutta med ei kjærleiksvise på sitt eige språk- som viste oss at han er ei ekte sangstjerna! Den unge Gammelsæter med kvartetten "Damaskus" streka tydeleg under kvifor vi var samla i kyrkjeskipet denne kvelden- for å hjelpa dei av Syrias lidande som er flykta opp i Libanons fjell.

Ei "rosa" opprinneleg frå Solsvikja, Bjørg Solsvik Åvitsland, sang seg tilslutt inn i hjarto våre med "You raise me up".



Tilslutt var det blomar til nesten alle. Lillebøen og Lions club vandra ut i den vakre haustnatta på Fjell med eit smil om munnen; godt nøgd med vaflar og kveldens konferansier, Olav Kobbeltveit. Eit vellukka arrangement nok eingong - og god kollekt!

Tekst og foto: Ingalis A. Malmo

JULEKONSERT

Marianne Juvik Sæbø
PIANIST: TERJE KLEPPE

Ons 9/12 – Fjell kirke
m/Sotra Reviderte

KONSERTSTART KL. 19.00 VOKSNE KR. 200 BARN KR. 100

BILL. FORHÅNDKØPES VIA WWW.HOOPLA.NO (+ aug. kr. 20,-) EL. V/DØREN. INNSAMLING TIL MISJON UTEN GRENSER S JULEPARKEAKSJON

Vi syng jula inn!

Fjell kyrkje

Søndag 20. des. kl. 17.30

Medverkande:

Fjell barnekor, Fjell kyrkjebrass

Sotra Reviderte

Allsang for små og store.

Landro kyrkje

søndag 13. desember kl. 17.30.

Medverkande:

Sotra Vest skulekorps

Nordre Fjell barne- og tweenskor

Lokle aktørar og mykje allsong

Foldnes kyrkje

Søndag 20. desember kl. 17.30

Medverkande:

Korsong ved Lukas Tensing

Mykje allsong

Solosong v/Solveig Mo

Trompet v/ Ole Morten Gjøsæter.

Det blir servert juleglogg etterpå i alle kyrkjene!

Kollekt til musikkverksemda i kyrkjelydane v/Fjell fellelsråd.

40 år ved orgelet



Den 13. juli 1975 vart ein ung og lovande organist innsett i teneste i Fjell kyrkje. 40 år seinare er Olav Sørheim framleis å finne ved orgelet i Fjell - om han då ikkje til dømes sit ved flygelet, dirigerer Sotra reviderte eller kyrkjebrass, spelar til tweenskoret, eller øver med ein solist.

Gjennom god planlegging, tålmodig arbeid og pedagogisk innsikt har Olav vore heilt sentral for framveksten av eit rikt musikkliv i alle kyrkjene i Fjell. Gjennom stillinga si har han alltid samarbeidd med, og løfta fram, andre musikarar. Han har også på ein spesiell måte hatt evne til å bygge opp under initiativ og tiltak som engasjerer kyrkjelyden. På denne måten har kyrkjemusikken i Fjell fått eit godt fotfeste i kyrkjelyden, og det kyrkjemusikalske arbeidet har også vorte ein viktig del av det kyrkjelydsbyggande arbeidet i soknet.

På gudstenesta i Fjell kyrkje 1. søndag i advent skal kyrkjelyden som så mange gonger før få oppleve Olav sitt orgelspel, og få høyre både Sotra reviderte, kyrkjebrass og barnekoret.

Etter gudstenesta er alle inviterte til å vere med og markere Olav sin fantastiske innsats for Fjellsokningane gjennom 40 år.

Tusen takk, Olav!

Tekst: Annalug Børve



Frå Fjell kyrkjeblad nr 6 1975



Hold av datoene for
RAMP kvelder til våren!

19. januar
2. februar, 16. februar
1. mars, 15. mars, 29. mars
12. april og 26. april

Sotra Reviderte

Vi øver:

Kvar tirsdag kl.19.00-21.30
i kyrkjelydssalen Fjell kyrkje.

Program 2015:

Onsd 9.12 Fjell kyrkje.
Julekonsert m/ Marianne Juvik Sæbø,

Sønd 20.12 Fjell kyrkje kl.17.30
Vi syng jula inn.

Julaften og 1.juledag Fjell kyrkje.
Tek del i gudstenestene.

Sønd 13.3 Blomvåg kyrkje kl.19.
Sotra Reviderte og Sotra Storband
- Duke Ellington's «Sacred Concert».

Sommerkonsert i juni, Fjell kyrkje.

Tur til Sjømannskirken
Costa del Sol El Campanario
månadsskifte sept /okt.

Vil du vere med i Sotra Reviderte?

Du er hjarteleg velkomen!

Ta kontakt med:

Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287
Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988



Prosjektkor

**i Foldnes kyrkje
og Strusshamn kyrkje.**

Alle som ønskjer å synga i kor er
velkomne til å vera med i

prosjektkor til våren

i regi av kyrkjelydane i Foldnes og
Strusshamn, Askøy.

Musikken som skal stå i fokus er
"Credo" av Tore W. Aas, kjend frå Oslo
Gospel Choir sin CD med same namn.
Dette er ei messe med alle dei
vanlege liturgiske ledda frå
gudstenesta pluss nokre til.

Verket skal framførast to gonger.
På gospelnight i Fjell kyrkje 30. april
og i Strusshamn kyrkje 1. mai.

**På nyåret kjem det meir informasjon
om øvingplan med datoar og det blir
høve til å melda seg på.**

T 10 - Tweens

Tid og stad: Fredag 16.10 i Fjell kyrkje

Program: Alle 10-åringane var inviterte til å vere med på Tweensklubben som samlast annankvar fredag i Fjell kyrkje. Her kunne dei velje mellom ulike aktivitetar som ballspel, playstation, matlaging, hobbygruppe og «Catch the flag»! Etterpå samlast vi til andakt og quiz, og kvelden vart avslutta med open kiosk og livleg mingling!

Deltakarar: 55 livlege og positive 10-åringar og omlag 40 andre kjekke tweensarar!



T 11/12 - På sporet av Jesus

Tid og stad: Fredag 23.10 i Foldnes kyrkje

Program: Vi starta med ei reise tilbake til nytestamentleg tid der vi møtte fleire personar som alle hadde livsforvandlande historier å fortelje! Så hadde vi Alfaløype med lagleik, rebus og refleksjonssamtale, før Sakkeus inviterte til fest!

Her dansa vi på tradisjonelt jødisk vis og fekk servert herleg taco og dessert. Kvelden vart avslutta med ei samling i kyrkjerommet med andakt og song og fleire føresette tilstade.



Deltakarar: 62 supergreie 11- og 12-åringar!



T 3 - Adventshelsing

Alle døypte treåringar får i desse tider ei T3-helsing i posten. Her kjem ein invitasjon til adventsgudsteneste 1.søndag i advent i den kyrkja treåringen høyrer til, der dei vil få si eiga adventskalenderbok!



Saman med helsinga har dei fått tilsendt ei lita lydbok med juleevangeliet og ein klistermerkeplansje som høyrer til, samt nokre små tips til ting familien kan gjere saman i adventstida.

Velkomen til storfamiliegudsteneste i Landro, Fjell og Foldnes kyrkje søndag 29.november klokka 11.00! Det er fint om treåringane kjem til kyrkja klokka 10.45. Meld på her: www.t-dagen.no.



Advent i heimen

Vi går mot advent, vente- og førebuingstida fram mot jul. Mange ber med seg minner og opplevingar frå adventstida i heimen dei vaks opp i. Med små barn i huset har du kanskje starta med å tenkje på kva for tradisjonar du ønskjer å gje vidare? Kanskje har du fleire sterke tradisjonar frå din barndom som du ønskjer å halde på, samstundes som du gjerne har nye aktivitetar og ritual som du har lyst å innføre i den heimen som du no er i gong med å byggje.



Heimen er den viktigaste staden der barna kan lære meir om den kristne trua. Vi i T-teamet ønskjer å ha fokus på kva vi kan gjere heime som hjelper barna våre til å bli betre kjent med juleevangeliet og den kristne trua. Korleis kan adventstida vere ei tid der vi førebur oss, til jula - ikkje berre huset og heimen vår, men også hjartet vårt?



Kunne det vore ein idé å lage ei lita adventstund før leggjetid? Finn ein fast plass å sitje, t.d. på eit teppe. Tenn eit lys og les eit vers eller litt av ei forteljing og syng eller lytt til ein fast song. Advent er og tida for å invitere nokon heim på middag eller kvelds. Kanskje nokon som ikkje forventar det?

Til slutt ein invitasjon til alle barnefamiljar: Start adventstida første søndag i advent saman med mange andre i kyrkjelyden.

Søndag 29.november er det storfamiliegudstenester i Landro, Fjell og Foldnes kyrkje klokka 11.

Set også av ettermiddagen søndag 3. januar! Då er det Julefest for heile familien, både i Landro, Fjell og i Foldnes kyrkje.

Med ønske om ei velsigna adventstid for små og store!

Helsing
Linn Elise



Velkomen til gudsteneste

Dato	Kyrkjeårsdag	Kyrkje	Kl.	Gudsteneste	Prest	Takkoffer
22.11.15	Kristi	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp	Aannerød	Kia Bjørgvin
22.11.15	konges.	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp	Unneland	Kirkens sos
22.11.15		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp	Martinsen	Stefanusalliansen
29.11.15	1. s i advent	Fjell kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, nattv	Aannerød	eige arbeid
29.11.15		Foldnes kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, nattv	Gammelsæter	Fjell KFUM/KFUK
29.11.15		Landro kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, nattv	Nese	eige arbeid
05.12.15		Fjell kyrkje	13:00	Barnedåps gudsteneste	Martinsen	eige arbeid
06.12.15	2. s i advent	Fjell kyrkje	18:00	Ljosmesse m/konf.	Tveten	eige arbeid
06.12.15		Foldnes kyrkje	18:00	Ljosmesse m/konf.	Martinsen	eige arbeid
06.12.15		Landro kyrkje	18:00	Ljosmesse m/konf.	Nese	eige arbeid
13.12.15	3. s i advent	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Jan Tommy Fosse	Sjømannskirken
13.12.15		Foldnes kyrkje	08:00	Morgonsong, v/ kulturskulen	Nese	
13.12.15		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Kopperud	Stefanusalliansen
13.12.15		Landro kyrkje	17:30	Vi syng jula inn		
20.12.15	4. s. i advent	Fjell kyrkje	17:30	Vi syng jula inn		
20.12.15		Foldnes kyrkje	17:30	Vi syng jula inn		
20.12.15		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Martinsen	Stefanusalliansen
24.12.15	Julaftan	Fjell kyrkje	14:30	Julaftan gudsteneste	Aannerød	Kirkens nødhjelp
24.12.15		Fjell kyrkje	16:00		Aannerød	Kirkens nødhjelp
24.12.15		Foldnes kyrkje	14:30	Julaftan gudsteneste	Martinsen	Kirkens nødhjelp
24.12.15		Foldnes kyrkje	16:00		Martinsen	Kirkens nødhjelp
24.12.15		Landro kyrkje	14:30	Julaftan gudsteneste	Nese	Kirkens nødhjelp
24.12.15		Landro kyrkje	16:00		Nese	Kirkens nødhjelp
25.12.15	Juledag	Fjell kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste, nattverd	Unneland	Misjonsprosjekta
25.12.15		Foldnes kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste, nattverd	Nese	Misjonsprosj. Mali
25.12.15		Landro kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste, nattverd	Aannerød	Misjonsprosj. Thailand
26.12.15	Stefanus	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Aannerød	Misjonsalliansen
27.12.15	Romjuls.	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Martinsen	Misjonsalliansen
31.12.15	Nyårsaftan	Foldnes kyrkje	23:15	Midnattsgudsteneste	Martinsen	
01.01.16	Nyårsdag	Fjell kyrkje	12:00	Gudsteneste, nattverd	Nese	
01.01.16		Landro kyrkje	12:00	Gudsteneste, nattverd	Unneland	
10.01.16	2. s. i o.t.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste, nattverd	Aannerød	
10.01.16		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp	Nese	
10.01.16		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Rune Richardsen	
17.01.16	3. s. i o.t.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp	Unneland	
17.01.16		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste, nattverd	Ekerhovd-Ottersen	
17.01.16		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, nattverd	Nese	
24.01.16	Såmanns.	Fjell kyrkje	18:30	Ung messe	Tveten	
24.01.16		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Nese	
24.01.16		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Aannerød	
31.01.16	Kristi Forkl.	Bjørøy bedehus	11:00	Gudsteneste, nattverd	Aannerød	
31.01.16		Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Kopperud	
31.06.16		Foldnes kyrkje	19:00	Bibel Bøn Lovsang, nattverd	Aannerød	
31.06.16		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, nattverd	Unneland	
07.02.16	Fastelaven	Fjell kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, dåp	Aannerød	
07.02.16		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp	Unneland	
07.02.16		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste, dåp og nattverd	Nese	
10.02.16	Askeonsdag	Fjell kyrkje	20:00	Retreatprega gudsteneste, nattv	Aannerød	
14.02.16	1. s i faste	Fjell kyrkje	11:00	Familiegudsteneste/T4-dag, dåp	Aannerød	
14.02.16		Foldnes kyrkje	11:00	Familiegudsteneste/T4-dag, dåp	Kopperud	
14.02.16		Landro kyrkje	11:00	Familiegudsteneste/T4-dag, dåp	Nese	

Døpte

04.10.15 Fjell kyrkje
Emma Isabell Iversen
Mathias Langeland Nordvik
Kristiane Forland Vindheim

04.10.15 Blomvåg kyrkje
Aksel Torsvik Ellingsen

11.10.15 Foldnes kyrkje
Felix Lerpold-Vik
Thorbjørn Borlaug Rathem
Marion Simonsen-Stenbro
Sarah Tyssøy
Hedvik Bildøy Østvold

11.10.15 Landro kyrkje
William Kårtveit Mandelid
Oliver Eines Skogedal

11.10.15 Kausland kyrkje
Johannes Årvik

17.10.15 Fjell kyrkje
Alina Larsen Astrup
Aurora Benjaminsen
Leana Iversen

18.10.15 Fjell kyrkje
Sofia Stensli van den Hoven
Johannes Skoge
Elias Skoge
Theodor Trones

18.10.15 Landro kyrkje
Nicolai Bersaas
Enoc Landro Tøsdal

18.10.15 Eid kyrkje, Kvinnherad
Håvard Hvidevoll Huus

18.10.15 Slettebakken kirke
Sol Irene Nilsen

25.10.15 Fjell kyrkje
Amalie Herland Arntsen
Frida Bergjord Ekerhovd
Leander Foldnes
Phillip Lundøy Guleng

Vigde

17.10.15 Fjell kyrkje
Anne-Lise Müller
og Jim-Rune Vågheim

*Vår Herre Jesus Kristus
seier: "Eg er oppstoda og
livet. Den som trur på
meg, skal leva
om han så døyr.
Og kvar den som lever og
trur på meg,
skal i all æve ikkje døy."*

Joh. 11,25-26

Døde

Olfrid Gunnellie Ølnes	f.1924
Arne Oddvar Rasmussen	f.1943
Leif Andreas Sekkingstad	f.1918
Magne Olav Høgøy	f.1942
Gunn Marit Landro	f.1956
Solveig Misje	f.1929
Magne Martin Nordvik	f.1925
Borghild Karina Kårtveit Landro	f.1925
Håkon Johan Nilsen	f.1928
Borghild Botilde Antonsen	f.1924
Ellen Ingeborg Knappskog	f.1934
Torleif Mikal Telle	f.1929
Anne-Marit Landro	f.1957
Svein Arne Ulveseth	f.1948
Arvid Færøy	f.1934
Petra Johanne Jonassen	f.1922

Hundar på gravplassane

Vi observerer sjølv, og får frå tid til anna beskjed frå pårørande om at det ferdast hundar på gravplassane – utan bånd.

Vi ber om at de som har hund ikkje brukar kyrkjegardane våre til «luftegård» for dei firbeinte og minnar om at det er båndtvang på hundar heile året på gravplassane.



Ungdomstiltaket Basecamp vil rette en stor takk til alle som sendte en pengegave til oss i forbindelse med Olaug og Bjørn Evanger sin gullbryllupsmarkering i høst. Vi vil også takke jublantene for at dere tenkte på oss som gavemottager. Tusen takk og gratulerer med jubileet!

Hilsen oss på Basecamp

T1-dag med
Baby Song

Bli med og syng gamle og nye barnesongar!

T1 www.t1-dagen.no

Velkomen til alle som er døpte dei tre siste månadene. Vi serverer lunsj. Velg den T1-dagen som passar best:

- 31. august i Fjell kyrkje
- 12. oktober i Foldnes kyrkje
- 2. november i Landro kyrkje
- 7. desember i Fjell kyrkje

Påmelding: t1-dagen.no eller kyrkja.no/fjell
Telefon: 55 09 74 62

RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirensanlegg

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no




Ta kontakt for en uforpliktende befarings!
www.augustnorge.no

Lenes Bakeri & Catering


Koldtbord m/hjemmebakt ass. brød pr. kuvertkr. 175,-
Luxussnitterkr. 18,-
Hvit dame 15 personer.....kr. 300,-

Gratis tilkjøring
Bestilling på tlf. 56 33 44 10 / 56 33 33 10



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no

- Snitter
- Koldtbord
- Varm mat
- Overtidsmat
- Kaker

Tlf. 56 33 11 50



Royal Cateringservice as

Annonse plass?

Fjell Kyrkjeblad kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 6. gonger i året.

Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpa deg med annonseplass.

Ta kontakt for et tilbud.
Tlf 55097456 eller kristina.eo@fjell.kommune.no



Leirstedet til Midthordland Indremisjon



- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40
Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Gravferdsannonser

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravellesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Tom Wilson Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Bjørøvin

BEGRAVELSESBYRÅ

Gravferd slik pårørende ønsker det. Verdighet. Omtanke. Lavere priser.

DØGNVAKT
55 20 23 00

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet



Besøksadresse: Tytebærrebrokk 2, Straume

Sentralbord: 55 09 74 40

Epost: post.kyrkja@fjell.kommune.no

VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud,
55 09 74 42 - m. 90 85 89 39
epost: erling.kopperud@fjell.kommune.no
Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612
Prosteseekretær: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell: kvardagar frå kl 09.00-15.00
55 09 74 40 / m. 93 41 46 22
elles ring beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

ADMINISTRASJON

Kyrkjevevjerje: Annlaug Børve 55 09 74 48 / m.47 30 45 30
epost: annlaug.borve@fjell.kommune.no
Ass. kyrkjevevjerje: Borghild Hustad Berge
55 09 74 45 - m. 99 70 69 42
epost: borghild.berge@fjell.kommune.no
Kontorsekretær: Anne-Kari Vik 55 09 74 57
epost: anne-kari.vik@fjell.kommune.no
Informasjonsarbeider: Kristina Ekerhovd-Ottersen
epost: kristina.ekerhovd-ottersen@fjell.kommune.no
Kontorlærning: Birgitte Skjoldal
birgitte.skjoldal@fjell.kommune.no

PRESTAR

Sokneprest: Terje Aannerød 55 09 74 51
epost: terje.aannerod@fjell.kommune.no
Sokneprest: Bjarte Nese 55 09 74 52
epost: bjarte.nese@fjell.kommune.no
Sokneprest: Petter A. Ekerhovd-Ottersen 55 09 74 46
epost: petter.eo@fjell.kommune.no
Ungdomsprest: Maria Tveten 55 09 74 60

DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren
55 09 74 47 - m. 92 29 53 77
epost: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no
Ungdomsdiakon Basecamp 55 09 74 58
- Nils Ivar Honningdal m. 99 46 88 70

UNDERVISNING

Kateket/ t-teamsleiar: Rannveig Vestbøstad Vik
55 09 74 61 / rannveig.vik@fjell.kommune.no
Kyrkjelydsped. / t-team: Søgne Lillevik Nilsen 55 09 74
Kyrkjelydsped. / t-team: Linn-Elise Richardsen 55 09 74
Ungdomsarbeidar: Eirik Austeng 55 09 74 54
Ungdomsarbeiar: Eivind Kausland Lie 55 09 74 54

KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01
epost: olav.sorheim@fjell.kommune.no
Organist i Foldnes: Aasmund Brekke 56 32 41 90
Organist i Landro: Eline Olsen m. 90 60 53 32

DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik
55 09 74 55 - m. 93 07 07 41
epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no
Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17
Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29
Lærekandidat: Vegard Lynglund
Kyrkjetenarar i Fjell: Ingvald A. Malmø 56 33 25 01
Kyrkjetenar i Foldnes: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90
Kyrkjetenar i Landro: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd: Arne Bjørøy
Foldnes sokneråd: Magne Supphellen
Landro sokneråd: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit

www.kyrkja.no/fjell
www.t-dagen.no

Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/ støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med:

På dagtid tlf. 55 09 74 40 / m. 93 41 46 22

Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: m. 95 48 36 55

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Sokneprest Terje Aannerød	tlf. 55 09 74 51 (a)
Sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (a)
Sokneprest Petter A. Ekerhovd-Ottersen	tlf. 55 09 74 46 (a)
Ungdomsprest Maria Tveten	tlf: 55 09 74 56 (a)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70

Fjell kyrkjelege fellesråd søker

KYRKJETENARAR I LANDRO OG FOLDNES KYRKJER

Arbeidsoppgåver:

- Praktisk tilrettelegging før, under og etter gudstenester, bryllup, konsertar og andre arrangement i kyrkjene.
- Ta imot og vise til rette menneske som har behov for assistanse.
- Ivareta HMS-rutiner.

Kvalifikasjonar:

- Erfaring frå kyrkjeleg arbeid er ønskjeleg.

Eigenskapar:

- Gode samarbeidsevner
- Evne til å arbeide strukturert og å arbeide sjølvstendig

Søknader skal sendast til

Fjell kyrkjelege fellesråd v/driftsleiar Norvald Snekkevik, pb 184, 5342 Straume eller epost norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Spørsmål om stillingane kan rettast til driftsleiar på tlf 93 07 07 41

Søknadsfrist : 10. desember 2015

Anna:

I Landro skal abeidet utførast kvar 2. søndag, og i Foldnes kvar 4. søndag.

Begge stader skal det utførast arbeid også laurdagane i arbeidshelgadersom det er behov for det.

Noko kveldsarbeid og arbeid i høgtidene må påreknast.

Søklarar må vere medlem av DnK.

Tilsetting på dei vilkår som går fram av lover og reglement og Kirkens Arbeidsgiverorganisasjons tariffavtalar.

Ny i Fjell?

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell. Du er hjarteleg velkomen!

Foldnes kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar kl. 11:00.

Søndagsskule - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Maria Wergeland

Bibel, bønn og lovsang - Siste søndag kvar månad kl. 18:30. Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 97 67 97 56

KM Kluzz - annankvar tysdag kl. 16.30 til 18.45. For heile familien! Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik 55 09 74 46

RAMP - annankvar tysdag. Inspirerende temakvelder med husband og kaffe! Kontakt: Janne Mo og Kristina Ekerhovd-Ottersen

Treff - i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30 – 14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Lukas Tensing - Måndagar frå kl. 18:30 i kyrkjerommet. For deg som går i 8.klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Ungdomslaurdag - i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9.klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Mannsgruppa - kyrkjelydssalen ein torsdag i månaden. Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

Basardamene - torsdag 15.10 og 19.11 kl.19.00 i Foldnes kyrkje

Fjell kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar kl. 11.00

Søndagsskule - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Torun Svennevik

Retreatkveldar - Ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontaktperson: Terje Aannerød

Tweensklubben - I Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00 – 21.00. For deg som går i 5.klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten

Familiekrik - laurdagar kl. 15.30 på Bildøy bibelskole. Sjå Facebook: Familie Krik Bildøy, eller kontakt: Søgne Nilsen 97546646

Vokalensemblat Sotra reviderte - for alle som vil syngje a-capellakor, tysdagar kl. 19-21.30. Kontakt: Jarle Hauge 482 84 287

Fjell kyrkjebrass - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl 20.-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

Fjell barne- og tweenskor - annankv. tysdag, oddet.veker. 1.-4.kl.: 17.30 - 18.30, 4.-6.kl.: 18.-19.00. Kontakt: Kari Mortensen 411 22 323

Landro kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar, kl.11:00.

Onsdagsmøte – I kyrkjelydssalen kl. 19.30, ein gong i månaden. Tale, lovsong og sosialt samvere.

Taco-fredag - ein gong pr. mnd i kyrkjelydssalen kl. 17.-19. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52. For heile familien!

Nordre Fjell Barnekor – for deg som går i 1.-3.klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Nordre Fjell Tweensgruppe – for deg som går i 4. – 7.klasse, kl. 18.40-19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Treff i Landro – i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik

Landroklubben - i kjelleren i Landro kyrkje annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30. Frå 8.klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

For meir info og mailadresser, gå inn på kyrkja.no/fjell

B-BLAD

Returadresse: Fjell Kyrkjelyd
Postboks 184, 5342 Straume

Nytt raudt teppe i Fjell Kyrkje



I veke 42 var Fjell kyrkje stengt for arrangement. Då blei det raude teppet som har lege der i ei årrekke, trulig sidan 1960, tallet skifta ut. Teppet er levert av Teppehuset og har identisk farge med det som har lege der tidligare.

Barnekryssord


VANNRETT:

1. Ost
6. Guttenavn
7. Mark
8. Lars Torsvik
9. Tall
11. Frø
13. Inge Nilsen
14. Fisk
15. Spiss
17. Daniel Ask
18. Terge

19. Moderne

LODDRETT

1. Dyrepasser
2. To like
3. Barnet
4. Mellom to topper.
5. Norsk prinsesse
10. Sirkel
11. Frukt
12. Styrkedrikk
16. Lang fisk



Bli med i trekninga av ein stor valfri PEPPES PIZZA! Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume. Merk konvolutten: "Kryssord"



Vinnar av Barnekryssord i nr. 5 2015:
Matheo Brakstad
Ekrhaugen 24
5360 Kolltveit

Namn:.....

Adresse:.....

.....